

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016

Jon Askeland (Sp) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styremedlem i Business Region Bergen. Askeland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at Jon Askeland var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Jon Askeland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 56 representantar til stades.

Terje Kollbotn (R) sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til gruppa som skal gå gjennom delegasjonsreglementet:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram ei sak om korleis det næringspolitiske arbeidet kan styrkast etter avvikling av BRB.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune seier opp avtalen med Business Region Bergen AS med verknad 01.01.2017.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle med dei andre eigarane i Business Region Bergen AS om vidareføring og fordeling av oppgåver samt organisering og finansiering av desse.